



Statens vegvesen ved Sindre Lillebø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 15/20655

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

30.05.2015

## Referat frå møte mellom Statens vegvesen og Lindås kommune den 18. mai 2015

Tid og stad: 18. mai kl. 0800-11.30, i rådhuset, Knarvik

Til stades: Sindre Lillebø, Hogne Haugsdal, Arnold Matre (frå ca kl 900), Arne Eikefet og Frøydis Ones

Det kom ikkje merknader til referatet innan fristen 4. juni. Referatet av 30.05.2015 er difor godkjent av møtedeltakarane.

### Bakgrunn

Lindås kommune tok initiativ til møte med bakgrunn i spørsmål presentert i e-post av 11. mai:

«

- 1) Prosjektering av oval rundkøyring med tilførselsvegar må kome i gang snarast. Desse tiltaka må i følge føresegna om rekkefølge vere ferdig opparbeidd før bruksløyve (på utbyggingsområda) kan gjevast. Dette vert tema for møte med vegvesenet den 18. mai.
- 2) Finansiering av tiltak knytt til E39. Lindås kommune har hatt to møte med Olav Finne der Knarvik planen va tema. Konklusjonen i sist møte var at Statens vegvesen ville ta ein intern diskusjon på eventuell delfinansiering av vegtiltaka (ut over innkrevjing av bompengar) sidan opparbeiding av ny E39 kan liggje svært langt fram i tid. Denne avklaringa er det ikkje kome svar på.
- 3) Oppstart av kommunedelplan for E39 Knarvik-Osterfjorden (strekninga Leiknes-Eikanger). Gjennom ein prosess der utgangspunktet var å gjere utbetringar av Mundalsberg tunnelen, er saka no den at det kan vere aktuelt å leggje E39 via dagens fv 57 i ein ny trase for E39 mot Osterfjorden. Når den nye traseen er bestemt, kan dette gje nye moglegheiter for utviklinga i Knarvik. Dette er eit val som vil gje reduserte kostnader for utbyggjarar, men kan også gje nye moglegheiter for bruk av arealet under grunnen. Det er svært viktig at denne prosessen startar opp snarleg og får ei rask framdrift. Dette vert tema for møtet med vegvesenet den 18. mai. Det vert forøvrig vist til møtet med Statens vegvesen 20.10.14 og 24.11.14.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I høve til framdrift i Knarvikplanen samt som grunnlag for gjennomføring av planen er det viktig at desse problemstillingane fort kjem i prosess.

«

#### NTP, handlingsprogram og RTP

I møtet den 18. mai viser vegvesenet til at det er tre vegstrekk/tiltak som er viktig å få forbetra/gjennomført i Knarvik, og i følgjande rekkefølge: 1) Oval rundkøyning, 2) 4 felts E39 frå Hagelsund bru til rundkøyning etablert i 2010, 3) 4 felts E39 mellom rundkøyning etablert i 2010 og planlagt oval rundkøyning.

Dette arbeidet er knytt til to prosessar: NTP som pågår no. Denne revisjonen av NTP starta opp 1/1- 2014, forslag til prioriterte prosjekt (innanfor ramma) skal leverast i september 2015. Vegdirektoratet sender forslag om rammer/prosjekt til departementet i mars 2016, før det vert lagt ut til høyring. Fylkestinget skal behandla saka (rammene) i juni 2016. Endeleg forslag vert lagt fram hausten 2016. Rammene for NTP er gitt gjennom ein politisk prosess, og det er kome signal frå Vegdirektoratet om kor mykje ein kan få. Dei første 4 åra er summen og prosjektet mest låst, for dei neste 6 åra er det eit meir ope spørsmål.

Handlingsprogrammet har same prosess. Ruteansvarleg for E39 med sidearmer i vegvesenet arbeider med forslag til programområdet. Endeleg forslag i september 2017. HP vert endeleg godkjent 1. september 2017, og den gjeld frå 2018.

Det er ikkje lagt opp til full finansiering til tiltaka i Knarvik gjennom NTP. Prosessen som pågår no er knytt til dei store vegprosjekta. I vegvesenet er det styrings- og strategistaben under regionen på Leikanger som speler inn tiltak til NTP (november 2015).

Når det gjeld RTP skal fylket starte prosess no, og revidere eksisterande plan.

#### Tiltak i Lindås kommune

Når det gjeld tunnelen Knarvik-Isdal på fv 57, ventar vegvesenet på Vegdirektoratet si tolking av sikkerhetsforskrifta. Vurderingar så langt viser at kostnadene med å byggje eit tunnellopp vil koste minst 70% av kostnadene for 2 tunnellopp (som ligg inne i den godkjende områdeplanen).

Tenkinga om å leggje E39 via den nye tunnelen på fv 57 kom fram i vurderinga av utbetring av Mundalsberg tunnelen. Ny tunnelsikkerheitsforskrift seier at det må kome ei oppgradering i 2018-2019. Ved eit slikt arbeid må tunnelen stenge. Det er vanskeleg og dyrt å utbetre Mundalsberg tunnelen. Ved å leggje ny tunnel ved Eikangervåg/Leiknes kan E39 knytast til dagens fv 57. Dette er også eit spørsmål som er reist av lokale politikarar i Lindås kommune. Vegvesenet førebur arbeid for planarbeid no. Tinging for kommunedelplan for E39 vart sendt 30. april i år til ressursavdelinga i vegvesenet. Framdriftsmessig skal planprogrammet vere klart til 1. desember i år, og eit planforslag med konsekvensutgreiing skal vere klar til politisk handsaming 1. januar 2017. Med denne framdrifta når ein neste NTP.

Informasjon frå arbeidet med NTP pr dags dato:

- 1) Lindås kommune kan ikkje forvente mykje midlar frå NTP
- 2) Nordhordlandspakken skal opp politisk no. Der ligg det inne 163 mill kroner (i 2013 kr) til Knarvik. Dette er bompenger. Tiltaket (som omfattar 4 felts E39 og ny rundkøyning i aust) har 7. prioritet i Nordhordlandspakken. I tillegg ligg det i Nordhordlandspakken inne ein buffer som er ufordelt

ramme. For Lindås kommune ligg det inne 115 mill. kroner. Desse midlane vert fordelt av eit kontaktutval etter at stortingsproposisjonen er vedteken i 2016.

Krav til tiltak som skal vurderast lagt inn i NTP:

- 1) Formell plan må vere godkjent
- 2) Formelt godkjent Nordhordlandspakke

Statens vegvesen kan ikkje starte prosjektering på arbeid i Knarvik før områdeplanen og Nordhordlandspakken er vedteken. Deretter er vegvesenet avhengig av planmidlar. Grunneigar eller kommune kan evt. ta på seg arbeidet med prosjektering. Dette vert ei forskottering som vert tilbakebetalt når områdeplan og Nordhordlandspakken er vedteken.

Lokalt kan ein i vegvesenet søkje vegdirektoratet om 15 mill kroner. Men det er ein føresetnad at plan er vedteke, og grunneigaravståing er gjennomført. Rådet frå Statens vegvesen er at kommunen (eller grunneigarar) inngår avtale med dei og fylkeskommunen om å forskottera og å starte prosjekteringsarbeidet som omfattar tekniske byggeteikningar fram til anbod. Det er viktig å få gjort avklaringar i Knarvik for å kome vidare i arbeidet. Vegvesenet vert i eit slikt arbeid samarbeidsaktør med dei som evt. forskotterer arbeidet om det er kommune eller evt. grunneigarsamarbeid. Det vart vist til tunnelplanen for fv 57 Knarvik-Isdalstø for tilsvarande forskottering og samarbeid. For å kome vidare i spørsmålet om evt. forskottering av prosjekteringa vert det tilrådd å ta kontakt med Olav Finne og Inge Alvsaker (ruteansvarleg). Søknaden om forskottering må vere avklara før prosjekteringsarbeidet startar.

Kva skjer om dagens trase for E39 gjennom Knarvik vert fylkesveg i 2018? Statens vegvesen seier det truleg ikkje vert endringar. Nordhordlandspakken ligg føre med bompengerekkjering, sykkeltilbodet knytt til E39 må gå på dette strekket, og kollektivtrafikken må også gå der.

#### Oppsummering og forventningar

Lindås kommune gav uttrykk for at det er ynskjeleg med eit snarleg oppfølgingsmøte med Statens vegvesen. Lineføringa for ny E39 i kommunedelplanarbeidet er viktig å ha ein god dialog på. Kommunen førebur og no arbeidet med revisjon av kommunedelplan for Knarvik-Alversund-Alverstraumen. Dette vert teke attende til vegvesenet internt for oppfølging.

Kommunestyret i Lindås kommune vedtok i møte, juni 2011, å forskottera planlegginga av tunnel på fv 57 Knarvik-Isdalstø. Forskotteringa er og godkjent. Kommunen må følgje opp at planmidlane er eller vert tilbakeført til Lindås kommune. Dokumentasjonen for forskotteringa av tunnelplanen vert og teke med vidare i prosessen i Lindås kommune. Kommunen tek kontakt med personer i vegvesenet for avklaring.

Sjølv om vi på dette møtet fekk attendemeldingar på, og drøfta spørsmåla som var sendt pr e-post den 11. mai, er det ynskjeleg at Lindås kommune får skriftleg svar på desse spørsmåla.

Dei er viktig for Lindås kommune å kome raskt i gang med gjennomføringa av områdeplan for Knarvik sentrum. Dette inneber:

- 1) Ei tidleg avklaring og start på rekkefølgjekrava som m.a. oval rundkøyring.
- 2) Få avklara eventuell ny trase for E39 slik at grunnen under Knarvik vert frigjeve
- 3) Ei tydeleg attendemelding frå Finne i høve møte med Ordførar og administrasjonen etter møtet den 24.11.2014, der det vart konkludert med at Statens vegvesen skulle vurdere mogleg forskottering/tilskot frå vegvesenet.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Frøydis Ones  
arealplanleggar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ass. rådmann Hogne Haugsdal  
Einingsleiar teknisk drift Arne Eikefet

**Mottakarar:**

Statens vegvesen ved Sindre Lillebø